Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 | Fylke: Troms
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Ullsfjord
Emne: Brynet. | Bygdelag: Holmebukt
Oppskr. av: J. Hegglund | Gard: —"—
(adresse): Skolegt. 41, Tromsø. | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både-og.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Såvidt eg veit er brynet blitt kalla hein i alle tilfelle unntatt i samansetning med ljå. Ein kunne difor høre at ein „heina kniven med ljåbrynet."

2 Dette skriv seg vel fra at til vanlig heimebruk hadde ein bryner som var funnen i fjæra eller jorda, og vanlig blei brukt som dei var utan stor tilforming. Ljåbryner skulle vere lange og ha riktig form. Dei blei visst også i eldre tid ofte kjøpt, truleg kom dei frå Trøndelag og namnet bryne fulgte vel med.

3 Såvidt ein veit, blei det brukt runde slipesteina til kvessing av alle slag eggverktøy, med heining etterpå.

4. Ein har nok hørt om hamring av ljåen istaden for bryning, men det har neppe vore i bruk her.

5 Har hørt om tilfelle der ein heina t.d. øksa på fast stein som låg ved slipesteinen. Om dette var gjort av skikk eller omtanke, veit ein ikkje.
Slipesteinen tok ein bare med når utslåtta låg langt unna.

198

6 På god stein- og sandfri mark var det vanleg med slipning av ein ljå mellom kvar ôut. Men på anna mark brukte ein både to og tre ljåer med seg ute på teigen.

7 Det blei brukt bare eitt – litt grovt-brynje til ljåen. Trebryner er ukjente.

8 Ljåen blei i lidlegare tid festa på orvet med snøre som var smurt med tjøre. Eller sviringa blei kilar drivne inn mellom sviringa og orvet. Ein kunne difor ikkje ta ljåen laus under slipning.

9. Ljåen blei haldt opp mot venstre arm, med egga fra seg. Bryninga gikk for seg med lange slag på over- og underside av egga skiftevis. Stuttlovar har ikkje vore i bruk her.

10 – 12. Ukjent.

13. Ein spytta på brynet.

14 – 18. Ukjent.

19. Ein sa "hei", men det var visst inga "hei" med det.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM 198
BYGDØY

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 198